

REGLEMENT FOR VAL AV REKTOR, PROREKTOR OG STYRE VED HØGSKULEN I VOLDA

Fastsett av styret for Høgskulen i Volda 13.09.2018, med heimel i *Lov av 1. april 2005 om universiteter og høyskoler*

Oppdatert av styret for Høgskulen i Volda 15.09.2022.

Innhald

Kapittel 1: Generelle retningslinjer	3
§ 1. Reglementet sitt verkeområde. Definisjonar	3
§ 2. Storleik, samansetjing og funksjonstid for styret	3
§ 4. Gjennomføring av val	4
§ 5. Manntal	5
§ 6. Stemmerett for tilsette	5
§ 7. Stemmerett for studentar	5
§ 8. Nominasjon	5
§ 9. Rett til å stemme ved tvist om stemmerett	7
§ 10. Gjennomføring av val	7
§ 11. Valprotokoll. Oppbevaring av valresultat	7
§ 12. Tilsette si plikt til å ta imot val og til å fungere i vervet	7
§ 13. Student si plikt til å ta imot val og fungere i vervet	8
§ 14. Vilkår for å stille til val	8
§ 15. Avgang. Opprykk. Suppleringsval	9
Kapittel 2: Val av rektor og prorektor	9
§ 16. Funksjonstid	9
§ 17. Valform	9
§ 18. Vekting av stemmer	9
Kapittel 3: Val av andre styrerepresentantar	10
§ 19. Valet. Funksjonstida	10
§ 20. Varamedlemmer	10
§ 21. Valform	10
§ 22. Balanse mellom kjønna	10
Kapittel 4: Andre retningslinjer	11
§ 23. Klage	11
§ 24. Utfyllande reglar	11
§ 25. Verknadstidspunkt for reglementet. Oppheving av utfyllande reglar og retningslinjer	11

Kapittel 1: Generelle retningslinjer

§ 1. Reglementet sitt verkeområde. Definisjonar

Desse reglane gjeld val av rektor, prorektor og andre valde styrerepresentantar ved Høgskulen i Volda.

Definisjonar

I dette reglementet gjeld følgjande definisjonar:

<i>Direkte val:</i>	Val der dei som har stemmerett, vel personar til verv og organ.
<i>Elektronisk val:</i>	Val der dei som har stemmerett, kan stemme elektronisk.
<i>Fleirtalsval:</i>	Den kandidaten som anten har fått flest stemmer eller eit fleirtal av dei avgjevne stemmene, er valt.
<i>Relativt eller simpelt</i>	
<i>(enkelt) fleirtal:</i>	Den kandidaten som har oppnådd flest stemmer, er valt.
<i>Absolutt fleirtal:</i>	Den kandidaten som har fått meir enn halvparten av dei avgjevne stemmene (eventuelt blant alle som har stemmerett), er valt.
<i>Valkrins:</i>	Vedkomande gruppe etter lova: tilsette i undervisnings- og forskarstilling, teknisk og administrativt tilsette og studentar.
<i>Omval:</i>	Val etter annullert val, utlyst på grunnlag av same manntal og same kandidatar som ved utlysing av val.
<i>Nytt val:</i>	Val etter annullert val, utlyst som ordinært val og nytt manntal, men med kortare fristar.
<i>Valperiode:</i>	Den perioden det er mogeleg å avgje stemmer, normalt sett minimum ei veke.
<i>Styret:</i>	Styret for Høgskulen i Volda.
<i>Funksjonsperiode:</i>	Perioden ein er valt til å fungere i vervet.
<i>Valresultat:</i>	Oversikt over dei avgjevne stemmene.

§ 2. Storleik, samansetjing og funksjonstid for styret

1. Styret har 11 representantar. Etter Lov om universiteter og høgskoler § 9-3 nr.1 og vedtak i høgskulestyret for HVO 13.09.2018 er fordelinga mellom grupperingane slik:

Rektor, tre representantar valt blant tilsette i undervisnings- og forskarstilling, ein representant valt blant dei teknisk og administrativt tilsette, to representantar valt blant studentane og fire eksterne representantar.

Dersom dei midlertidig tilsette i undervisnings- og forskarstilling utgjer meir enn 25 % av dei tilsette i undervisnings- og forskarstilling, skal denne gruppa velje eitt av styremedlemmane frå dei tilsette i undervisnings- og forskarstilling, jf. universitets- og høgskulelovas § 9-4 (2).

Rektor er styreleiar. Prorektor er rektor sin personlege vara. Prorektor har møterett/-plikt til alle styremøte, har tale- og forslagsrett, men ikkje stemmerett.

2. Funksjonsperioden for rektor, prorektor og tilsettrepresentantane tek til 1. august og varer i fire år, jf. universitets- og høyskoleloven § 9-4 (1). Funksjonsperioden for studentrepresentantane tek til 15. oktober og varer i eitt år, jf. universitets- og høyskoleloven § 9-4 (3).
3. Funksjonsperioden for eventuelle styremedlem for gruppa midlertidig tilsette i undervisnings- og forskarstilling, og varamedlemmer for disse, er eitt år. Det vert utført særskilt val for denne gruppen, jf. universitets- og høyskoleloven § 9-4 (2).

§ 3. Valstyre

1. Valstyret har 7 medlemmer med slik fordeling:

Tre representantar for fagleg tilsette, to representantar for teknisk og administrativt tilsette og to studentar.

2. Det skal nemnast opp like mange vararepresentantar som representantar frå kvar valgruppe.
3. Styret nemner opp valstyret, med unntak av studentrepresentantane som vert nemnt opp av Studentparlamentet i Volda. Før oppnemninga skal avdelingane og fellesadministrasjonen få høve til å fremje forslag til kandidatar til valstyret.
4. Styret peikar ut leiar og nestleiar i valstyret mellom representantane for dei tilsette.
5. Valstyret si funksjonstid er 4 år, med unntak av studentrepresentantane, som blir nemnde opp for eitt år.
6. Høgskuledirektøren eller den høgskuledirektøren utpeikar, er valstyrets sin sekretær. Valstyret sekretær har ikkje stemmerett i valstyret.
7. Dersom medlem av valstyret er foreslått til val til organ, trer vedkomande ut av valstyret for resten av valarbeidet og ved valoppgjeret for vedkomande val.
8. Valstyret administrerer og førebur val etter dette reglementet. Valstyret skal også sjå til at val ikkje blir gjennomført før det er fremja forslag om minst like mange personar som det skal veljast, medrekna varamedlemmer.
9. Valstyret er vedtaksdyktig når meir enn halvparten av dei oppnemnde representantane er til stades. Vedtak blir gjort ved vanleg fleirtal. Ved stemmeliikskap er leiaren si stemme avgjerande. Medlem av valstyret kan bringe avgjerd i dette inn for høgskulen si klagenemnd. Klage må setjast fram i møtet.
10. Høgskuledirektøren peikar ut teknisk hjelp frå IT, etter oppmoding frå valstyret.

§ 4. Gjennomføring av val

1. Val etter dette reglementet blir gjennomførde som elektroniske val (direkte val).

2. Valstyret fastset tidspunkt for vala og måten dei skal gjennomførast på, herunder fristar for å fremje forslag for kandidatar. Valstyret fastset også den praktiske gjennomføringa av valet, i tråd med dette reglementet. I kunngjeringa blir det gjort greie for reglane om framsetjing av forslag og for framgangsmåten ved valet.
3. Dato for valet skal gjerast kjent seinast 6 veker før valperioden byrjar. Valstyret minner samstundes om fristen for å fremje forslag til kandidatar.
4. Val av rektor og prorektor skal vere gjennomført innan 1. februar.
Val av tilsettrepresentantar skal vere gjennomført innan 1. juni.
Val av studentrepresentantar skal vere gjennomført innan 15. oktober.

§ 5. Manntal

1. Høgskuledirektøren eller den han/ho utpeikar i sin stad er manntalsfører. Personalkontoret syter for at liste over alle tilsette som har stemmerett ved høgskulen, er manntalsføraren i hende seinast 6 veker før vedkomande val. Økonomikontoret, i samarbeid med studieadministrasjonen, syter for at liste over alle studentar som har stemmerett, er manntalsføraren i hende seinast 4 veker før vedkomande val. Manntalet skal samtidig kunngjerast på Studentsørvis.

§ 6. Stemmerett for tilsette

1. Det er eit vilkår for stemmerett ved direkte val etter dette reglementet at vedkomande er tilsett eller engasjert i minst halv ordinær stilling ved institusjonen og har teke til i stillinga seinast to månader før valperioden startar.
2. Den som er tilsett eller engasjert for mindre enn eitt år, har likevel ikkje stemmerett, dersom ikkje vedkomande har vore i samanhengande tilsetjingsforhold ved institusjonen i minst eitt år fram til valperioden startar.
3. Dersom høgskulen står som arbeidsgjevar, har den tilsette stemmerett, uavhengig av finansieringskjelde. Lærlingar og tilsette på sysselsetjingstiltak har ikkje stemmerett.
4. Stemmerett fell bort for den som har permisjon for å arbeide i anna stilling. Dette gjeld likevel ikkje dersom det er tale om ei stilling ved same institusjon som ikkje gir stemmerett. Tilsette i foreldre-/omsorgspermisjon med lønn frå høgskulen har stemmerett. Tilsette i omsorgspermisjon utan lønn frå høgskulen har ikkje stemmerett.
5. Den som har stemmerett som tilsett, har ikkje samtidig stemmerett som student, jf. § 7.

§ 7. Stemmerett for studentar

1. Den som er registrert som student og har betalt semesteravgift ved institusjonen for det semesteret valet blir gjennomført i, har stemmerett ved val av representant for studentane og val av rektor og prorektor.

Dette gjeld likevel ikkje den som har stemmerett etter § 6.

§ 8. Nominasjon

1. Forslag til kandidatar til alle verv etter dette reglementet skal fremjast for valstyret.

2. Alle som har stemmerett, skal aktivt oppfordrast til å foreslå kandidatar.
3. Alle som har stemmerett, har rett til å setje fram forslag til kandidatar til rektorvervet. Eit forslag på rektor må vere underskrive av minst fem personar for å vere gyldig. Det kan heller ikkje vere meir enn sju personar som står bak eit forslag. Ingen kan skrive under på meir enn eitt forslag. Eit forslag skal berre ha med namn på rektorkandidat. Rektorkandidaten bestemmer sjølv sin prorektorkandidat som ho/han vil stille til val i lag med. Dei som har nominert rektorkandidaten, bør hjelpe rektorkandidaten med å finne ein prorektorkandidat.

For dei andre vala har alle med stemmerett rett til å setje fram forslag til kandidatar innanfor si gruppe.

4. Styret oppnemner ein leitekomité med ein representant frå kvar avdeling, ein frå fellesadministrasjonen, ein student og ein ekstern representant. Leitekomitéen skal aktivt bidra med å identifisere og presentere gode kandidatar til rektoratet. Leitekomitéen byrjar sitt arbeid i rimeleg tid før rektorvalet. Leitekomitéen kan berre setje fram forslag til nominasjon etter punkt 3 i denne paragrafen.
5. Følgjande prosedyre skal nyttast ved nominasjonen til val:

Nominasjon til rektorval:

Forslagsstillarane leverer skriftleg forslag til kandidat(ar) til valstyret innan gitt frist. Forslaget skal vere underskrive, og kandidaten skal vere spurt på førehand, men treng ikkje gje sitt samtykke. Dersom det til rektorvalet blir gjort framlegg om ein kandidat som ikkje er tilsett ved HVO eller som kan krevje seg fritaken etter Universitets- og høyskolelovens § 9-5, må framlegget vere vedlagt skriftleg samtykke frå vedkomande. Den som har plikt til å ta imot val, men ikkje ønskjer val, kan krevje dette opplyst i valperioden slik at dei som stemmer ser det når stemmene vert avlagt.

Nominasjon til andre val:

Forslagsstillarane leverer nominasjon elektronisk via ein eigen nominasjonsportal til valstyret innan gitt frist.

Valstyret kan kalle forslagsstillarane inn til møte for å samordne forslaga. Berre forslagsstillarane kan trekkje eit forslag.

Valstyret skal godkjenne forslaga. Ved underkjenning av forslag, skal valstyret gje tilbakemelding til forslagsstillaren, som får høve til å korrigere forslaget.

6. Ein tilsett kan be om å bli fritaken for nominasjon. Reglane i § 12 i dette reglementet gjeld tilsvarande.
7. Valstyret er ansvarleg for all skriftleg og munnleg informasjon knytt til gjennomføringa av vala. Studentane må bli godt informerte om praktiske forhold rundt valet. I informasjonen må det gå fram at valdeltaking er viktig.

§ 9. Rett til å stemme ved tvist om stemmerett

1. Den som blir nekta stemmerett, skal likevel få høve til å stemme. Slik stemmesetel skal leggjast i ein lukka konvolutt, påført namn og adresse for veljaren og skal leverast til leiaren i valstyret. Stemmesetelen skal oppbevarast forsvarleg med tanke på eventuell klage etter kapittel 4 i dette reglementet.

§ 10. Gjennomføring av val

1. Valstyret har ansvar for at den tekniske gjennomføringa av vala skjer på ein trygg måte. Valstyret utarbeider skriftlege prosedyrar for gjennomføringa.
2. Valstyret har ansvar for at det blir utarbeidd valinformasjon til tilsette og studentar i god tid før vala.
3. Gjennomgang av stemmene blir leia av valstyret etter desse reglane:

Gjennomgang av valresultatet skjer i valstyret så snart som råd etter at valet er avslutta.

Stemmene skal registrerast for kvar valkrets for seg sjølv.

Når gjennomgang av valresultatet er ferdig, skal resultatet kontrollerast mot manntal og førast i valprotokollen.

Oppteljing av personlege stemmer blir gjennomført. Oppteljing skal gjerast av to ulike personar som kontroll. Resultatet blir ført i valprotokollen.

§ 11. Valprotokoll. Oppbevaring av valresultat

1. Utfallet av val etter dette reglementet skal førast inn i ein særskilt valprotokoll som skal underskrivast av valstyret og sendast til arkivleiaren for arkivering og rapportering til styret.

Melding om utfallet av valet skal sendast til høgskuledirektøren og kunngjerast straks.

2. Valresultatet og anna relevant valmateriell ved eit val skal oppbevarast forsvarleg, slik at oppteljinga kan gjerast på nytt om dette blir nødvendig. Valmateriell skal takast vare på fram til neste tilsvarande val.

§ 12. Tilsette si plikt til å ta imot val og til å fungere i vervet

1. Tilsette har plikt til å ta imot val og fungere i vedkomande verv så lenge han eller ho er valbare ved vedkomande val.
2. Den som tidlegare har hatt eit verv, kan nekte attval til dette for ein like lang periode som han eller ho har fungert samanhangande i vervet. Varamedlem som har møtt som medlem

minst halve funksjonsperioden, kan krevje seg fritaken for val som medlem i neste periode, jf. Lov om universiteter og høyskoler § 9-5 nr. 1.

3. Den som ikkje kan skjøtte sine funksjonar i eit verv utan uforholdsmessig vanske eller belastning, kan etter søknad bli fritaken for val eller for fortsett funksjon i vervet. Den som er tilsett i deltidsstilling, kan også fritakast dersom vervet vil medføre at det blir urimeleg byrdefullt eller vanskeleg for vedkomande å utføre sitt arbeid i stillinga. Søknad om fritak frå val til verv blir avgjort av valstyret. Søknad om fritak frå verv blir avgjort av rektor.

§ 13. Student si plikt til å ta imot val og fungere i vervet

1. Student som tek imot val etter dette reglementet, har plikt til å fungere i vervet for heile funksjonsperioden så lenge han eller ho er valbar. Den som ikkje kan skjøtte sine funksjonar i eit verv utan uforholdsmessig vanske eller belastning, kan etter søknad bli fritaken for val eller for fortsett funksjon i vervet. Søknad om fritak frå val til verv blir avgjort av valstyret. Søknad om fritak frå verv blir avgjort av rektor.

§ 14. Vilkår for å stille til val

1. Generelt er alle tilsette i minst halv ordinær stilling valbare til verv uavhengig av om dei på valtidspunktet innehar valde verv.
2. Tilsette som har permisjon er også valbare, under føresetnad av at permisjonen går ut og han/ho går inn att i den stillinga han/ho har permisjon frå den dagen han/ho tiltrer i vervet. Tilsette som har permisjon for fagleg oppdatering frå den dagen vervet tek til, er også valbare. Blir slik permisjon innvilga medan medlemen sit i styret, inneber det ikkje at vedkomande automatisk må slutte som styremedlem.
3. Både tilsette ved høgskulen og eksterne kandidatar kan veljast som rektor, jf. Universitets- og høyskolelovens § 10-2, nr 1.
4. Tilsette i oppdragsstillingar og stipendiatar som har si hovudtilknyting til Høgskulen i Volda, men har lønn ved annan institusjon, er ikkje valbare ved val til styret.
5. Valbar som medlem av styret er den som har stemmerett etter § 6 og § 7. Tilsette er berre valbare dersom dei har vore i eit samanhengande tilsetjingsforhold ved høgskulen dei siste seks månadene før valet. Studentar er berre valbare dersom dei er tekne opp som student til eit studium ved høgskulen som har eit omfang på minst halv tid (15 studiepoeng pr. semester) og er meint å vare heile den aktuelle funksjonsperioden (eitt år), jf. § 2 nr. 2.
6. Norsk er offisielt arbeidsspråk ved HVO. Aktuelle kandidatar må ha tilstrekkelege språkferdigheter til å skjøtte vervet. Tvilstillefelle avgjerast av valstyret.
7. Dekanane, direktør og leiarar i Fellesadministrasjonen kan ikkje veljast til styret.
8. Ingen kan veljast på nytt som styremedlem dersom vedkomande vil ha fungert i dette vervet i eit samanhengande tidsrom på åtte år ved byrjinga av den nye funksjonsperioden.

§ 15. Avgang. Opprykk. Suppleringsval

1. Innehavar av tillitsverv skal slutte når vilkåra for å stilla til val opphøyrer, jf. Universitets- og høyskoleloven § 9-5, nr. 2.
2. Den som har permisjon utan lønn frå Høgskulen i Volda i funksjonstida, sluttar i vervet så lenge permisjonen (utan lønn) varer, jf. elles § 14 nr. 2.
3. Dersom rektor sluttar i vervet i løpet av det siste året av funksjonstida, overtek prorektor som rektor. Dersom rektor eller prorektor sluttar i vervet i løpet av det siste året av funksjonstida kan rektor peike ut ein viserektor for resten av funksjonstida. Sluttar rektor eller prorektor før dette tidspunktet, blir det halde nyval og i det tilfellet rektor sluttar vil prorektor fungere som rektor fram til nyval er gjennomført.
4. Når medlem av styret sluttar eller blir fritaken for fortsett funksjon, skal varamedlem rykkje opp til fast plass.
5. Avgang skal meldast til valstyret. Når styret på grunn av avgang får ei samansetjing som kan vere til hinder for organet si vedtakskompetanse, kan valstyret bestemme at det skal haldast suppleringsval. Når det er mogleg, kan valstyret bestemme at det i staden skal gjennomførast eit supplerande valoppgjjer på grunnlag av avgjevne stemmer ved siste ordinære val.

Kapittel 2: Val av rektor og prorektor

§ 16. Funksjonstid

1. Rektor og prorektor blir valde kvart fjerde år. Ingen kan veljast på nytt som rektor eller prorektor dersom vedkomande vil ha fungert i dette vervet i eit samanhengande tidsrom på åtte år ved byrjinga av den nye funksjonsperioden, jf. Universitets og høyskoleloven § 10-2, nr. 2.

§ 17. Valform

1. Vala av rektor og prorektor skjer ved absolutt fleirtal og skal avviklast som elektronisk val, jf. § 4 i dette reglementet. Dersom ingen kandidat får meir enn 50 % av stemmene i første valomgang, blir det ny valomgang med dei to kandidatane som fekk flest stemmer.
2. Dersom det er berre eitt team ved valet, blir val gjennomført på vanleg måte. Blanke stemmer blir forkasta, slik at det er dei godkjende og vekta stemmene som avgjer resultatet.
3. Berre dei stemmesetlane som har namna på kandidatparet, blir godkjende og talt med.

§ 18. Vekting av stemmer

1. Ved val av rektor skal stemmene innan den enkelte valkrins teljast opp fråskild. Midlertidig og fast tilsette i undervisnings- og forskarstilling utgjer felles valkrins ved rektorval. Ved den endelege oppteljinga vektast stemmene for de to valkrinsane etter følgjande fordelingsnøkkel:

- a. Tilsette 70 %
- b. Studentane 30 %

Kapittel 3: Val av andre styrerepresentantar

§ 19. Valet. Funksjonstida

1. Styremedlemmer og varamedlemmer som representerer dei tilsette ved institusjonen, blir valde kvart fjerde år. Valet blir gjennomført særskilt for dei to gruppene tilsette i undervisnings- og forskarstilling og teknisk og administrativt tilsette etter at rektorvalet er gjennomført. Innanfor dei enkelte gruppene skal heile institusjonen reknast som ein valkrins. Kvar veljar kan stemme på inntil like mange kandidatar som det skal veljast faste representantar i styret frå valkrinsen. Første stemme skal vektast med 1, andre stemme med 0,8, tredje stemme med 0,6.
2. Studentrepresentantar i styret og varamedlemmer for desse blir valde kvart år, jf. Lov og universiteter og høyskoler § 9-4 nr. 3. HVO sitt valstyre administrerer val til verv som studentrepresentantar i styret. Valet blir gjennomført som elektronisk val.
3. Ingen kan gjenveljast som styremedlem om vedkomande har fungert samanhengande i vervet i dei åtte siste åra ved byrjinga av den nye funksjonsperioden, jf. Lov om universiteter og høyskoler § 9-4 nr. 8.

§ 20. Varamedlemmer

1. Ved val til styret skal det innanfor den enkelte gruppa veljast minst like mange varamedlemmer som medlemmer i nummerert rekkjefølgje.
2. Vara vert valt i same omgang som ordinære styremedlem, og er dei representantane som får flest stemmer etter dei faste representantane.
3. Prorektor er rektor sin personlege vara.

§ 21. Valform

1. Vala blir gjennomførde som fleirtalsval, den/dei som får flest stemmer blir valt til ordinær styreplass. Den/dei som får flest stemmer etter at dei faste representantane til styret er valt, blir vararepresentantar. Dersom fleire kandidatar får like mange stemmer, blir utfallet avgjort ved loddtrekking.

§ 22. Balanse mellom kjønna

1. Ved fleirtalsval skal likestillingslova sine krav om balanse mellom kjønna vere oppfylt innanfor den enkelte valkrinsen. Skal det veljast fire medlemmer eller fleire frå valkrinsen, skal kvart kjønn vere representert med minst 40 % blant dei som blir valde. Skal det veljast to eller tre medlemmer frå valkrinsen, skal begge kjønn vere representert. Desse krava gjeld også ved val av varamedlemmer (ved valkrets bestående av 1 representant, skal vararepresentant ha motsett kjønn).

2. Dersom det ved oppteljinga ved fleirtalsval viser seg at eit kjønn vil få færre representantar enn dette, rykkjer kandidatar frå det underrepresenterte kjønn som det er avgjeve stemmer for, opp inntil det er oppnådd slik balanse.

Kapittel 4: Andre retningslinjer

§ 23. Klage

1. Klage over manntalsføringa blir avgjort av valstyret. Klagen må vere manntalsføraren i hende seinast 2 veker før valperioden startar.
2. Den som har stemmerett ved eit val, kan klage over feil som er gjort ved nominasjonen. Klagen må vere sett fram overfor valstyret seinast to virkedagar etter at dei nominerte er gjort kjent.
3. Den som har stemmerett ved eit val, kan klage over feil som er gjort ved valet. Klagen må vere sett fram overfor valstyret seinast ei veke etter at resultatet av valet er gjort kjent.
4. Valstyret kan bestemme at det skal haldast oppteljing eller nytt valoppgjjer der dette er tilstrekkeleg til å rette opp eventuelle feil. Det nye valoppgjeret kan påklagast etter punkt 1 ovanfor.
5. Dersom valstyret tar eventuell klage til følge, og denne ikkje let seg rette opp ved ny oppteljing eller nytt valoppgjjer, skal det haldast omval eller nytt val. Dette skal haldast så snart som mogleg. Inntil omval eller nytt val har funne stad, blir dei som er valde ved eit ugyldig val, rekna som lovleg valde.
6. Dersom valstyret ikkje finn grunnlag for å ta klagen til følge, blir klagen straks oversendt til høgskulen si klagenemnd. Valstyret kan uttale seg om klagen i samband med at den blir oversendt. Fråsegna skal i så fall gjerast kjent for klagaren.
7. Dersom klagenemnda meiner at det er gjort feil som kan ha hatt vesentleg innverknad på valutfallet, og denne ikkje let seg rette opp ved ny oppteljing eller nytt valoppgjjer, skal det haldast omval eller nytt val. Dette skal haldast så snart som mogleg. Inntil omval eller nytt val har funne stad, blir dei som er valde ved eit ugyldig val, rekna som lovleg valde.

§ 24. Utfyllande reglar

1. Valstyret gir utfyllande reglar til dette reglementet når det finn dette nødvendig.

§ 25. Verknadstidspunkt for reglementet. Oppheving av utfyllande reglar og retningslinjer

1. Dette reglementet trer i kraft straks.
2. Reglementet erstattar tidlegare vedtekne utfyllande reglar og retningslinjer.